Referat:

Taktisk samhandlingsgruppe møte 21 – 07.11.21

Deltok: *Leiv Erik Husabø, Thomas Vingen Vedeld, Øystein Furnes, Elin Sørbotten, Kari Furevik, Jan Ove Tryti, Tone Holvik, Asle Kjørlaug, Jan Helge Dale, Kjell-Arne Nordgård, Tom Ole Dyrstad*

Fråvær: Marte Ulltang, Terje Olav Øen, Bent Are? , Robert Brennested, Torgeir Finjord og Frode Myklebust

Møteleiar: *Asle Kjørlaug*

Referent: *Elin Sørbotten* kl. 14.30 – 15.30 996888@vm.nhn.no

1. **Godkjenning av innkalling, sakliste, referat/aksjonspunkt**
   Godkjent referat frå sist.
2. **Status møte**
   Helse Førde:
   4 innlagt, 2 av desse på intensiv 2 på medisinsk avdeling.
   349 testar sist helg der 54 var positive.
   Beleggsprosent 74 % og 2 av 2 sengar på intensiv er i bruk.
   Utfordring med bemanning spesielt på intensiv, difor auka ein til gul beredskap frå 06.12.2021.
   Samarbeid med HVL: Har oppretta kontakt med HVL og bedt om hjelp til rekruttering av sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar. Dei vil no hjelpe med å få ut informasjon til studentane.

Kommunane:

Sunnfjord: 110 smitta pr 100 000 siste 14 dagar. Kjend smitteveg, og god oversikt over situasjonen slik det ser ut. Er klar over at ein har smitta som ikkje vert oppdaga.

Vaksinasjon går framover,

Sjukefråvere er ei utfordring og har vore det veldig lenge, eit jamt sjukefråvere på over 10%

Største utfordring er kvar går vi framover.

Kinn: Om lag same situasjon som i Sunnfjord. Noko spredt smitte.

Det store dilemmaet er dei som er sjuke med sesonginfluensa og fråversreglar som vert signalisert frå nasjonalt hald. Vaksinasjon i tillegg til dagleg drift er no krevjande med mangel på folk.

Utskrivingsklare pasientar: Ein av risikoane er at kommunane ikkje klarar dette på sikt, har Helse Førde nokre beredskapstankar kring denne problemstillinga?

Sogndal: Har hatt eit utbrot med over 100 smitta, fått oversikt og ein går no frå utbrot til vedvarande smitte.

Ser at smitten blant barn ikkje er like uttalt, ved nokre av skulane er det berre nokre få som vert smitta medan andre stader er det større utbrot ved skulane.

Vaksinering: Neste veke ferdig 65 år og noko helsepersonell.

Sjukefråvere heilt på kanten, dersom det no kjem strengare reglar på karantene framover så vil det medføre store utfordringar for drift.

Stad:

Nærare 40 smitta siste 7-8 dagar, mykje husstandsmedlemmar som vert smitta, nokre få på skule.

5 smitta på sjukeheim, alle har det så langt bra med lette luftvegssymptom.

3. Helse Førde i Gul beredskap/ Asle Kjørlaug

Beredskapsleiinga vedtok i går (6.12.21) at Helse Førde går i gul beredskap.

Helse Førde går i GUL beredskap grunna pågang av covid-19 pasientar til intensiv, det er snakk om 2 pasientar. Dette seier noko om kapasiteten Helse Førde kan ha, tre pasientar kan potensielt bryte terskelen for der ein kan utøve normal kapasitet på intensiv. Spesielt dersom det er snakk om respiratorbehandling. Komplisert å behandle og lang varigheit på desse pasientane. Det er bemanning som er den begrensande faktoren og det er intensiv sjukepleiarar som er krevjande å skaffe.
2 pasientar innlagt på medisin.

Forskjell frå grøn til gul er at det er ei kritisk grense på personell.
Startar å førebu reduksjon i elektiv drift.
Reduserer minst tre operasjonsteam, dette tilsvara halvparten av operasjonsteam ein har i Helse Førde. Det aukar ikkje kapasiteten sjølv om ein reduserer tal operasjonsdrift. Dette vil gjelde den neste veka. Helse Førde vil gjere vurderingar kvar veke.
Planen for operasjonsstovene er planlagt for mange månadar sidan, det betyr at dei som no får utsett operasjonar vil få ny time om lag 6 mnd fram i tid.

Poliklinisk aktivitet kan bli påverka då overlegar må ha større fokus på innlagte pasientar som er i behandling mot Covid-19 infeksjon.
Dette for å heve terskelen før ein pasient treng overføring til intensiv. Internt møte på medisinsk avdeling i dag (07.12) for å om fordele ressursar på legesida. Pr no ingen på respirator i Helse Førde.

Slitasje i personalgruppa over lang tid har ført til noko trøttheit hos helsepersonell. Høgskulen vil no forhåpentlegvis avhjelpe noko.
Grepa som er gjort fører til at normal aktivitet vert redusert.
Terskelen frå gul til raudt nivå er lågt, ein har ikkje mykje å spele på før ein i betydeleg grad overskride det ein kan kompensere for.
Dersom to til hamnar på intensiv så vil ein sannsynlegvis gå over i raud beredskap.
Er no i ein situasjon som er alvorleg for Helse Førde.
Covid 19 kan ikkje samanliknast med RS og influensa, då Covid 19 pasientar vert liggande i respirator over veker og er svært ressurskrevjande.

PCR analysar seier at dei siste 5 veker har 25 % av alle positive prøvar sidan pandemistarten. Smittetala ute aukar, og framskrivingar/analysering av smittetala pr no syner at Helse Førde kan forvente opp mot 8 innleggingar, der mellom 1-2 vil være på intensiv. Dette vil være maks kapasitet som Helse Førde kan klare.

Kommentarar:

Spørsmål frå kommunane om beredskapen tilsvara to respiratorplassar for 110 000 innbyggarar midt i ein pandemi? Dette må være veldig lågt også sett i nasjonal samanheng.

- Ja det er slik, men ein kan omfordele. Det handlar ikkje om intensiv kapasiteten med tal sengar, men det handlar om personellmangel og ein totalsituasjon. Det er ein kombinasjon av tal sengar/ kapasitet og personell. Det har vore stort trykk på intensivkrevjande pasientar som har vore ei stor belastning på intensiv. På dei andre avdelingane så har ein normal sjukefråver knytt til haust/vinter. Bemanning er ein begrensande faktor, ein har kapasitet utstyr messig. Det vert gjort tiltak for å styrke bemanning på intensiv.

Det vert ytra bekymring frå kommunane å høyre dette, det er sannsynleg at situasjonen vil være slik veldig lenge. Tal luftvegsinfeksjonar siste år har vore lågare enn normalt, kommunane ser difor ikkje korleis Helse Førde no kan være så pressa. Det opplevast vanskeleg at Helse Førde så raskt opplev situasjonen så skjør, og på signala det sender ut til befolkninga rundt kva Helse Førde signaliserer at dei har av kapasitet.

Taktisk samhandlingsgruppe hadde for 1,5 år sidan ein diskusjon på kva Helse Førde kan levere og la planar gitt ein situasjon med mykje smitte. Kommunane ber no om at Helse Førde ser tilbake til dei planane som vart lagt og om det fortsatt er slik som vart planlagt den gongen.

I all hovudsak må ein rekne at innbyggarane vil verte forkjøla, ein kan ikkje møte med ei defensiv haldning der første løysing er å ta ned drift utan at partnarane snakkar saman på førehand.

Helse Førde har på lik linje med kommunane eit ansvar for beredskapen, trøttheiten i organisasjonane må ikkje kome i vegen for den gode samhandlinga som vi har vore heile vegen.

Helse Førde oppsummerar med at det handlar om ein totalsituasjon der bemanning er utfordringa. Det er summen av å være i ein pandemi, og behandle pasientar som normalt førte til dette. Helse Førde er ikkje defensive, ein forsøker å skape seg eit handlingsrom der ein skal handtere det som kjem. Utfordringa til Helse Førde vert å skvise ut effektiv behandling utifrå dei ressursane som ein har. Gul beredskap tyder på at ein rustar seg for det som kan verte verre.

Dilemma kring trykket på personell er at ventelister hopar seg opp, det har vore stort press for å ta unna ventelistene siste året, med det resultat av denne bølga som kjem no har ført til at ein har jobba iherdig.

Spørsmål frå kommunane om kva som då vil skje om 6 mnd, vil ikkje ventetidene auke på nytt?

Helse Førde har forståing for at kommunane treng meir informasjon på førehand, og tek spørsmåla frå kommunane med tilbake til beredskapsleiinga for klårare svar til kommunane.

Innbyggarane opplev ulikheit i korleis vi kommuniserer krisa, eller graden av krisa. Våre tilsette og innbyggarar må oppleve ein samla kommunikasjon, slik det er no så vert det akutte og ulike fargekodar eit moment som skapar frykt. Ein kan ikkje fortsette å forklare situasjonen på ein måte

som gjer at våre innbyggarar, tilsette og pasientar opplev krise heile tida. Ei av dei vanskelegaste oppgåvene vi har er at fagfolk må leve med dette over tid. Dersom det vert signalisert at vi har eit sjukehus som ikkje kan være med og avlaste kommunane så får vi utfordringar i tenestene.

Konklusjon:

1. Kommunane har ei klar forventning om at Helse Førde kan stille med den beredskapen som har vore signalisert tidlegare under pandemien. Og ber om at tidlegare planar som har vore lagt saman med kommunane, no vert tatt fram på ny.
2. Kommunane ber om at Helse Førde saman med kommunane drøftar dei større tiltaka som går ut via media. Det er viktig for pasientar, innbyggarar og tilsette at helsefellesskapet står samla både i kommunikasjon og handling framover.